



Stryn kommune  
Tonningsgata 4  
6783 STRYN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Stryn kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

Stryn kommunestyre har i møtet 17.12.2020, sak 149/2020, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i opphavleg budsjett og økonomiplan til kommunen, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

### Oppsummering

Stryn kommune sine budsjett- og økonomiplandokument viser ein utfordrande økonomi i planperioden. Statsforvaltaren er uroa for utviklinga i lånegjelda, kombinert med underskot i drifta, og at disposisjonsfondet etter kvart blir svært redusert.

Dette fører til lite økonomisk handlingsrom og kan på sikt få konsekvensar for tenestetilbodet for innbyggjarane. Framover bør kommunen styre etter dei vedtekte måltala sine, for å oppnå berekraft og eit handlingsrom som står seg over tid.

### Budsjett 2021

Netto driftsresultat viser eit meirforbruk på om lag 5,5 mill. kroner, som tilsvarar minus 0,82 prosent av brutto driftsinntekter. Meirforbruket er tenkt dekt inn ved bruk av bundne fond og disposisjonsfond. Kommunen ligg derfor godt under måtalet frå Teknisk Berekningsutval (TBU) på 1,75 prosent. Førrelse tal for rekneskapen frå 2020 viser eit netto driftsresultat på 0,6 prosent. Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot samanlikna med statsbudsjettet eller oppdatert KS-prognosemodell med nye folketal, viser at kommunen budsjetterer noko lågare enn det som er berekna i prognosemodellen.



Vi kan ikkje sjå at det er vesentlege endringar i andre budsjetterte sentrale inntekter frå 2020. Det er heller ikkje lagt inn større endringar i sum overføring til tenesteområda, sjølv om sentraladministrasjonen har hatt størst nedgang frå 2020 til 2021.

Sum investeringar i anleggsmiddel utgjer etter behandling i kommunestyret om lag 106 mill. kroner. Av dette utgjer 10,4 mill. kroner VAR-investeringar. Om lag 2 mill. kroner skal finansierast av drifta medan om lag 104 mill. kroner skal lånefinansierast.

Statistikkbanken i Kostra viser at langsiktig gjeld (eks. pensjon) per 31.12.20 utgjorde 704 mill. kroner og tilsvarar 100,1 prosent av driftsinntekter. Snittet for landet (eks. Oslo) utgjorde 117,2 prosent i 2020.

### Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter for 2022 – 24 viser negative resultat i alle år. Det er budsjettert med bruk av fond i heile planperioden for å dekke inn underskota, med om lag 26 mill. kroner. Førebelse tal frå SSB/Statistikkbanken viser at kommunen har eit disposisjonsfond per 31.12.20 på om lag 40 mill. kroner, som tilsvarar om lag 6 prosent av driftsinntektene.

Det er budsjettert skatteinntekter og rammetilskot på om lag same nivå i heile perioden. Det er ingen vesentlege endringar i andre budsjetterte sentrale inntekter. Overføring til einingane blir redusert noko for kvart år. Den største nedgangen finn vi innanfor skule og kultur.

Det er budsjettert med samla investeringar for om lag 270 mill. kroner i planperioden, som skal finansierast ved at 243 mill. kroner skal takast opp i nye lån. Om lag 20 mill. kroner utgjer lån til sjølvkostformål. I budsjett dokumenta går det fram at etter nedbetaling av avdrag kvart år utgjer lånegjelda (eks formidlingslån og startlån) per 31.12.2024 om lag 764 mill. kroner. Dette tilsvarar 114,5 prosent av driftsinntektene.

Dei største investeringane er tilrettelegging til bustad- og næringsføremål, omsorgssenter og ny brannstasjon.

### Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal (i prosent av driftsinntekter):

	2021	2022	2023	2024
Netto driftsresultat	1 %	1 %	1,5 %	1,5 %
Disposisjonsfond	10 %	10 %	10 %	10 %
Langsiktig gjeld	90 %	87 %	85 %	84 %



Hovudmålet er å oppnå eit godt økonomisk handlingsrom, med delmål i enkelte år der resultatane ikkje er måloppnåande.

### **Statsforvaltarens vurderingar**

Det er positivt at handlingsdelen og økonomiplanen i samfunnsdelen av kommuneplanen, no utgjer eitt og same dokument, og at FN sine berekraftsmål blir ein del av det overordna rammeverket for Stryn kommune.

Folketalsutviklinga har det siste året hatt ein nedgang, sjølv om tal etter 1. kvartal 2021 no viser ein oppgang. I prognosar frå Statistisk Sentralbyrå viser demografiutviklinga ein nedgang i dei yngre klassane framover, og ein auke i dei eldste årsklassane.

Etter gjennomgang av budsjett og økonomiplandokumenta er Statsforvaltaren uroa for at utviklinga i lånegjelda stadig aukar, kombinert med underskot i drift og at disposisjonsfondet etter kvart blir brukt opp.

Rente- og avdragsutgifter aukar med om lag 6,2 mill. kroner i løpet av planperioden for å dekke inn kostnader som følgje av ei stadig aukande gjeld. Dette blir finansiert med reduserte overføringar til dei ulike sektorane. I tillegg er det knytt usikkerheit til utvikling av rentenivået dei nærmaste åra.

Etter Statsforvaltaren si vurdering blir ikkje kommunen sine eigne handlingsreglar lagt til grunn for å oppnå gode økonomiske resultat og eit handlingsrom som står seg over tid. Vi oppmodar derfor framleis om meir moderate låneopptak og arbeid med å auke inntektene og redusere utgiftene, til beste for innbyggjarane.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*